



Norconsult AS

Referanser:

Dykker: Andre Bjørndal
Vår: 17/2947 - 17/35650

Saksbehandlar:

Arne Helgesen
HELA@lindas.kommune.no

Dato:

18.12.2017

Vedkomande VA rammeplan Skinstø, planid. 1263-200910.

Viser til tidlegare svar vedkomande innsend søknad om godkjend VA rammeplan Skinstø.

Det er framleis mange uavklarte spørsmål ved denne planen, og den kan difor ikkje godkjennast før desse spørsmåla er avklarte.

Har følgjande kommentar til planen:

- Før ei endeleg godkjenning av planen, må det føreliggja uttale frå brannførebyggjande avdeling ang. brannvassdekning.
- Dersom ein skal føre overvatn eller avløpsvatn til ein anna eigedom, er det ikkje tilstrekkeleg med at ein skriv at dette er noko som skal avtalast, her må det føreliggja ein skriftlig avtale med rett til å ha liggjande/ drift og vedlikehald av leidningar på annan manns eigedom. Denne avtalen skal vera tinglyst.
- Overvatn føres til stikkrenne ved veg, er det avtale om at dette er ok? Dette er vel ein fylkesveg, og må avtalast med statens vegvesen.
- Avløpsrenseanlegg. Er det søkt om og fått godkjent utslepp ? er i tvil om dette er ok når eg ser kva ein beskriv av løysing her, spesielt dette med avrenning til naboeigedom. Byggesak v. Anne Lise Molvik kan gjerne kommentere dette. Her hadde det jo også vert ein fordel om anlegget hadde vert plassert nærmere sjø, slik at det hadde vert mulig for fleire i området å knytte seg til eit slikt anlegg. Saka har vore til uttale hjå byggjesak, sjå vedlagt svar derifrå.
- Vannforsyning frå tilknyting sjø til bustader. Ved sjø må det monterast ny kum for tilknyting her må ein fjerne eksisterande, samle alle tilknytingar i ei kum, detaljteikning av denne kumma må vera med. Det må også vera kum før og etter borehol. Vannledning må leggjast i varerør gjennom borehol, for å sikre at det er mulig å skifte leidning. Kan ikkje sjå at dette punktet er retta opp på revidert plan.
- For drenering av overvatn, skal det under innkjørsel til felt, leggjast minimum dn200 overvassleidning.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale til VA rammeplan for reguleringsplan for Skinstø -

Kopi til:

Leiv Jan Fosse 5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Norconsult AS